

# Årsplan/utviklingsplan for Øyra barnehage

## 2020-2024



**VÅR VISJON: SKAPANDE BARN, STØTTANDE VAKSNE**  
glede, trygghet, omsorg, lek og meistring

*Periodeplan for kvar gruppe kjem 1.oktober og 1. februar  
Og er å sjå på som ein del av årsplanen*

Revidert i 2020, ny evaluering og revidering i 2024

Innholdsliste:

|       |  |
|-------|--|
| s.1   | Forside  |
| s.2   | innholdsliste  |
| s.3   | Eit barn har hundre språk                                |
| s.4   | Forord   |
| s.5   | Presentasjon av barnehagen                               |
| s.5   | Samfunnsmandat   |
| s.5   | Vår visjon   |
| s.6   | Kva legg vi i skapande barn og støttande vaksne          |
| s.6   | Grunnsyn   |
| s.7   | Våre verdier   |
| s.8   | Likestilling   |
| s.8   | Medverknad   |
| s.8   | Mobbing  |
| s.9   | Barnehagen sin profil                                    |
| s.10  | Korleis jobbar vi med Reggio Emilia                      |
| s.11  | Dei tre pedagogane                                       |
| s.11  | Barnesyn   |
| s.12  | Kva treng barnet «i sekken sin» for å meistre livet      |
| s.12  | Planlegging, dokumentasjon og evaluering                 |
| s.12  | Evaluering   |
| s.13  | Våre satsingsområder                                     |
| s.13  | Vaksenrolla  |
| s.14  | Mål for vaksenrolla                                      |
| s.14  | Tryggleikssirkelen                                       |
| s.15  | Satsingsområder / Kjerneprosessar                        |
| s.17  | Overgongar   |
| s.19  | Ein dag i barnehagen                                     |
| s.19  | Kosthald   |
| s.19  | IKT- digital kompetanse                                  |
| s.19  | Sosial kompetanse  |
| s.20  | Borna sitt fysiske læringsmiljø                          |
| s.20  | Språk og språkstimulering i ein fleirkulturell barnehage |
| s.20  | Leiing   |
| s.21  | Fagområda  |
| s.21  | Kommunikasjon, språk og tekst                            |
| s.22  | Kropp, rørsle, mat og helse                              |
| s.22  | Kunst, kultur og kreativitet                             |
| s. 23 | Natur, miljø og teknologi                                |
| s. 23 | Mengde, rom og form                                      |
| s.24  | Etikk, religion og filosofi                              |
| s.24  | Nærmiljø og samfunn                                      |
| s.26  | Progresjonsplan for fagområda                            |
| s.37  | Progresjonsplan for Garderobe                            |
| s.39  | Progresjonsplan for måltid                               |
| s.41  | Progresjonsplan for meg sjølv og kroppen min.            |

## ETT BARN HAR HUNDRE SPRÅK

Et barn er skapt i og av hundre  
barnet har hundre språk,  
hundre hender,  
hundre tanker,  
hundre måter å tenke på,  
å leke på, å snakke på,  
hundre - alltid hundre,  
måter å lytte på,  
å overraske på og elske på,  
hundre gleder,  
for å synge og forstå,  
hundre verdener,  
å oppdage,  
hundre å finne opp,  
hundre verdener,  
å drømme.

Barnet har hundre språk,  
men har blitt frarøvet nittini.  
Skolen og kulturen,  
skiller hodet fra kroppen.  
Og barnet blir fortalt;  
å tenke uten hender,  
å tenke uten hode,  
å lytte uten å snakke,  
å forstå uten glede,  
og elske å fortrylles,  
bare til jul og påske,  
de blir fortalt;  
å oppdage en verden som allerede  
finnes og av hundre blir de frarøvet nittini.

de blir fortalt,  
at glede og arbeide,  
vitenskap og forestillingsevne,  
himmel og jord,  
fornuft og drøm,  
ikke passer sammen.  
Kort sagt blir de fortalt  
at hundre ikke finnes.

Men barnet sier;  
Visst finnes hundre.

Loriz Malaguzzi.

## Forord

Årsplan / utviklingsplan bygg på føringar i Lov om barnehagar og forskrifta Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver.

Årsplanen vert utarbeida i samarbeid med barnehagen sine tilsette, borna og foreldra og skal leggje grunnlaget for samhandling gjennom heile barnehageåret.

Årsplanen skal innehalde informasjon om korleis barnehagen gjennom barnehageåret skal arbeide med omsorg, danning, leik og læring for å fremje borna si allsidige utvikling i samarbeid og forståing med borna sin heim. Den skal gje informasjon om kva mål barnehagen har sett seg og korleis desse blir følgt opp, dokumentert og vurdert.

Årsplanen skal sikre progresjon og samanheng i borna sine opplevingar, utvikling og læring gjennom heile barnehageløpet.

Skal synleggjere korleis barnehagen omset barnehagelova i praksis og arbeidar målretta for å sikre det pedagogiske arbeidet. Den gjev utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda.

Anne-Grete Eiken

Styrrar



### Presentasjon av barnehagen:

Øyra barnehage er ein privat barnehage som ligg på Hauane (Seljebakken) i sentrum av Volda kommune. Vi er godkjent for 76 plassar for barn i alderen 0-6 år. Vi er organisert i to baser, ein småbarnsbase og ein storbarnsbase. Desse er igjen delt inn i fem grupper etter alder. Barnehagen vart opna i august 1989 og var då ein barnehage med ei avdeling med 18 plassar. Vi kjøpte tomta og huset av Volda kommune og i 2012 stod den nye barnehagen ferdig og gamlehuset vart pussa opp og bygd om. Barnehagen er eigd og vert driven av Stiftelsen Øyra barnehage og er ein ikkje kommersiell barnehage. Alt overskot går tilbake til drifta av barnehagen. Vi har eit godt samarbeid med både dei andre private barnehagane i Volda og med dei kommunale barnehagane. Andre vi samarbeidar med er; skulane borna soknar til, administrasjonen i kommuna, helsestasjonen, barnevernet, PPT, BUP og Høgskulen i Volda. m.fleire.

I Øyra barnehage jobbar vi systematisk for å støtte borna i deira utvikling. For oss er det viktig med trygge born som har gode høve for lek, læring og utvikling. I vår barnehage får borna eit godt grunnlag for livslang læring.

Meir informasjon om barnehagen finn du på heimesida vår: <http://oyra.barnehage.no/>

### Samfunnsmandat:

*«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.» Bhg. Lova § 1 Formål*

Jamfør Barnehagelova § 1 skal barnehagen byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon.

« Å møte individet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrslø og anerkjenning og sikre at borna får ta del i og medverke i fellesskapet er viktige verdiar som skal speglast i barnehagen» RP s7

### Vår visjon er :«Skapande born, støttande vaksne»

Visjonen er forpliktande for personalet i barnehagen, og skal bidra til at borna får ein positiv, lærerik, innhaldsrik og kjekke barndom, som blir støtta av trygge, gode og tydelege vaksne. Alle som jobbar i Øyra barnehage skal leggje til rette for glede, trygghet, lek og meistring for borna i barnehagen.

Borna er vår framtid og er det mest verdfulle og den viktigaste verdien vi har. Gjennom å være støttande vaksne fremjar vi at borna får vekse i kunnskap og meistring, være skapande og få eit best mogleg grunnlag for vidare utvikling.

For å nå visjonen vår jobbar vi etter inspirasjon frå Reggio Emilia. Vi ynskjer at borna sjølve skal få høve til å ta styring over sin eigen kunnskapsprosess og vere aktivt deltakande i si eiga

kunnskapsdanning. Den vaksne si oppgåve er altså å få borna til å arbeide med sine egne tankar, slik at dei ved eiga hjelp kan byggje ny kunnskap om seg sjølv og verda. (Øyvind Olsholt, Maaïke Lahaise og Arne Scheldrup, Filosofiske samtaler i barnehagen)

Viktige stikkord er LYTTE- UTFORSKE - LÆRE gjennom leik

### Kva legg vi i skapande barn i Øyra barnehage

|                  |                  |               |              |                   |
|------------------|------------------|---------------|--------------|-------------------|
| Lyttande         | initiativtakarar | Empatiske     | motiverer    | lærer             |
| prøvar           | Undrande         | Trygge        | Glade        | eksperimenterar   |
| feilar           | interesserte     | Skapande barn | fantasifulle | løysingsorientert |
| Nyttar naturen   | kreative         | leikande      | Nyfikne      | inkluderar        |
| Tøysar og tullar | hjelpsame        | venskap       | delar        | samarbeidar       |

### Kva legg vi i støttande vaksne i Øyra barnehage

|                  |              |                  |              |              |
|------------------|--------------|------------------|--------------|--------------|
| Ei trygg hamn    | Kunnskapsrik | inspirerande     | Interesserte | undrande     |
| forstår          | lyttande     | Trygge           | Tilgjengeleg | tilrettelegg |
| Byr på seg sjølv | respektfull  | Støttande Vaksne | ærleg        | gjennomfører |
| støttar          | Ser barnet   | glade            | Engasjert    | fokusert     |
| humor            | Raus         | Samhandlar       | Utforskande  | Empatisk     |


### Grunnsyn i Kvardagen.

- Vi vil gi barnet ditt ein trygg og føreseieleg kvardag.
- Vi vil invitere til leik, omsorg, læring og danning tilpassa ditt barn sin alder og modning i intellektuelle, sosiale og kjenslemessige samanhengar.
- Vi vil ha glade, trygge og kompetente born i eit miljø med positive og kvalitetsmedvitne vaksne som er til stade for borna.
- Vi vil ha ein open dialog og eit tett samarbeid med dei føresette.


### Verdier:

Det er verdiane som styrer våre val og handlingar. Vårt verdigrunnlag gjev oss ein identitet. Personalet er rollemodellar og har eit stort ansvar for at barnehagen sitt verdigrunnlag blir vist i praksis.

Verdiane skal syne igjen i arbeidet vårt med borna, foreldra, samarbeidspartnarar og i personalsamarbeidet.



Vi kan kjenne igjen desse verdiane ; omsorg, menneskeverd og respekt, ved å sjå på korleis det ser ut, korleis det vert opplevd når ein kjem inn i barnehagen. Vi skal bidra til å danne eit godt grunnlag for livslang læring gjennom aktiv deltaking i eit demokratisk samfunn.





## Likestilling

Det er i barneåra vi formar vår kjønnsidentitet. Det er difor viktig at vi vaksne er medvitne på korleis vi gjennom våre forventningar nokon gongar avgrensar borna si utvikling. Likestilling mellom kjønna skal speglast i barnehagen sin pedagogikk. Barnehagen skal oppdra born til å møte og skape eit likestilt samfunn. Barnehagen skal byggje si verksemd på prinsippet om likestilling mellom kjønn. Gutar og jenter skal ha likt høve til å bli sett og høyrte, og bli oppmuntra til å delta i fellesskap i alle aktivitetar i barnehagen. Personalet må reflektere over sine eigne haldningar til og samfunnets forventningar til gutar og jenter.

*«Dette innebærer ikke at vi fornekter at noen kjønnsforskjeller kan ha en biologisk forankring. Samtidig vil vi understreke at de psykologiske og sosiale forskjellene som utspiller seg i adferd, handlinger, relasjoner og interesser, er et resultat av sosialiseringsprosesser i et samfunn hvor kjønn alltid har hatt - og har - en kulturell betydning som gjenspeiles i våre kulturelle forventninger om kjønn. Derfor er ikke kjønn noe en først og fremst er, det er noe en blir. (Aasebø og Melhus 2005:68)»*

Å jobbe for likestilling i barnehagen er å gi jenter og gutar like moglegheiter. Det er forventningar til oss om å kjønne ulike handlingar. Desse forventningane må vi løfte opp og diskutere i personalgruppa, med borna og med foreldra.

*Refererer til Aasebø og Melhus (2005) som skriv: «Det er biologiske forskjeller mellom jenter og gutter, kvinner og menn. Men hvilken betydning disse biologiske forskjellene får, er ikke naturgitt, de er kulturelt betinget».*

Likestilling og likeverd handlar om kva slags relasjonsmønster som vert utvikla. I leiken inkluderar og ekskluderar born kvarandre verbalt og kroppsleg. Dette er ein del av barnekulturen. Når vi arbeidar med likestilling og likeverd, har vi eit ansvar for å utvikle verdier saman med borna som synleggjer maktstrategiar mellom borna over tid. Kva som er makt i relasjonane mellom borna, må borna sjølve vere med på å definere samtidig som vi har felles verdier i høve til korleis vi skal vere mot kvarandre. Likestillingsarbeid i barnehagen treng ikkje å handle om store prosjekt eller at gutar og jenter skal bli like, men om små endringar i korleis vi møter borna i kvardagssituasjonar.

## Medverknad:

I fylgje barnehagelova §3 har borna ein lovfesta rett til medverknad. Det vil seie at alle borna skal verte høyrde og at alle skal oppleve at dei har reell medverknad i barnehagekvardagen. Det er viktig at vi ser og høyrer alle både det munnlege språket, non verbale språket og kroppspråket.

Personalet skal rettleie borna slik at dei kan få hjelp til å ta ulike val.

Personalet skal skape god dialog mellom barn og vaksne og vere opptatt av det som skjer i møta mellom barn/barn, vaksen/barn. Personalet skal leggje til rette for barnemøte der borna får kome med innspel og evaluering.

## Mobbing

Manifest mot mobbing oppfordrar til aktiv innsats mot mobbing der barn og unge oppheld seg. Partane har ein felles visjon om nulltoleranse som grunnlag for arbeidet. Mobbing handlar om makt og avmakt, og det er eit skeivt maktilhøve mellom den som mobbar og den som blir mobba! I Øyra barnehage førebyggjer vi mobbing ved at dei vaksne er merksame på det enkelte born sin trivsel og på samværsmønster i barnegruppa. Mobbing i barnehagen kan



stoppast av aktivt deltakande vaksne som grip inn når det er nødvendig. Nært samarbeid mellom personale og foreldre og systematisk observasjon og refleksjon over kvaliteten på det uformelle samspelet kan sikre at mobbing hverken får oppstå eller utvikle seg. Sosial kompetanse er viktig både for å unngå og å stoppe mobbing. Vi kan sjå på sosial kompetanse som ein ressurs for å meistre stress og motgang, ein "vaksinasjonsfaktor" mot problemåtferd. Like viktig som å sørge for å stoppe mobbing når det har oppstått, blir det å bygge opp sosial kompetanse for å være føre var.

Nokre barn er flinkare til å leike enn andre. Det kan av og til vere nødvendig at vaksne går inn i leiken for å gi den variasjon og nye impulsar både i høve til leiketemaet og i høve til uheldige maktmønstre. Medviten leiing av barnegruppa krev tydelege vaksne. Sjølv ein god leiar kan ikkje hindre at det oppstår spontane episodar med erting, utestenging og slag og spark i barnegruppa. Men ein god leiar veit korleis slike episodar skal handterast på ein positiv måte, og dermed hindre mobbing. I Øyra barnehage jobbar vi for å ha aktive og tydelege vaksne. Det er nødvendig for å lukkast i å skape eit godt miljø for alle borna i barnehagen. Det er dei vaksne som har ansvar for borna sitt oppvekstmiljø. Å førebyggje og å stoppe mobbing er og blir eit vaksenansvar. Vi skal vere tydelege og vise at mobbing er uakseptabelt.

#### Barnehagen sin profil:

#### Øyra barnehage er ein Reggio Emilia inspirert barnehage- Arbeidsmåtar:

Vår arbeidsmåte i det daglege er å jobbe med små og store prosjekt gjennom utforsking og deltaking og utfordre og inspirere borna til utforsking og læring gjennom leik. Vi nyttar den didaktiske relasjonsmodellen i planlegginga av små og store prosjekt. Ved å bruke denne arbeidsmåten sikrar vi at alle fagområda vert representerte gjennom heile året. Gjennom inspirasjon frå Reggio Emilia og vårt fokus på vaksenrolla og relasjonar, har vi som mål å vere i gode samhandlingsprosessar der vi reflekterer over teori og praksis slik at vi kan utvikle og endre barnehagen til å bli stadig betre.

Reggio Emilia pedagogikken/filosofien, har mykje til felles med vårt syn på barn, kunnskap og læring. Den tek utgangspunkt i borna sine erfaringar, tankar og teoriar. Og opnar opp for stor medverknad og vektlegging av borna si evne til å ta ansvar.

Viktige verdiar som demokrati og menneske som ansvarlege samfunnsborgarar vert framheva. I Reggio Emilia ser ein kommunikasjon som ein nøkkel når det gjeld borna si læring.

#### Den bygg på :

- Deltaking
- Ansvar
- venskap
- tillit
- omsorg .



Borna skal erobre motet til å tenkje sjølve. At barnet er aktivt deltakande i si eiga kunnskapsdanning gjer at vi som jobbar med borna blir medforskarar og medkonstruktørar. Dette synet på at kunnskap er noko som barnet aktivt skaper og konstruerar i kommunikasjon med omverda, gjer det heilt avgjerande at vi i barnehagen har eit profesjonelt ansvar som bygg på dialog og kommunikativ samhandling med borna, foreldra og andre og at vi har ei reflekterande og forskande haldning.

• Refleksjon  
• Dialog  
• Handling

er bærebjelken i Reggio Emilia pedagogikken

Barnesyntet i Reggio Emilia pedagogikken omhandlar korleis det allereie kompetente barnet lærer, tileignar seg kunnskap og utviklar seg. Læringa vert sett på som ein prosess mellom det som Reggio Emilia omtalar som dei tre pedagogane:

1. pedagogen: Den vaksne
2. pedagogen ; Barnet sjølv
3. pedagogen; Romet ( det fysiske miljøet )

Dokumentasjon er eit viktig område då vi gjennom ulike former får synleggjort arbeidet vårt og barnet som aktivt skapande.

*Gjennom pedagogisk dokumentasjon har vi mulighet til å se barnet på nytt - om og om igjen - og vi gjør oss synlige for oss selv*

- Hillevi Lenz Taguchi

Som Reggio Emilia inspirert barnehage jobbar borna med ulike prosjekt. Dette er ein arbeidsmåte der den overordna pedagogiske tanken er å la borna sine idear, interesser, tankar og nyfikne vise veg for læring. Framdrifta i prosjekta vert til i ein vekselverknad mellom barnet sitt spor og den vaksne sitt blikk for barnet.

*«Det man hører glemmer man, det man ser husker man, det man gjør forstår man»*

Loris Malaguzzi

Vi vaksne som jobbar i barnehagen må forstå korleis vi skal og kan vere ei støtte for borna sin rett til å vere hovedaktørar i sine eigne liv. Vi ser på borna som aktive, kunnskapstørste individ som heile tida prøvar å vekse og utvikle seg. Borna treng tidleg å få tillit til eiga læreevne og til kva som er viktig å lære seg.

| Borna skal oppleve :  | Mål :  |
|---|--|
| -eg kan,<br>-eg kan tenkje,<br>-eg kan uttrykkje meg på mange måtar,<br>- eg kan forstå,<br>- eg kan meine<br>- eg kan velgje og påverke,<br>- eg er ein del av ein heilskap. | Born som er i stand til å tenkje, velje og kunne ta avgjerder<br>Born som verdset seg sjølv<br>Born som kjenner ansvar i høve samspelet med venene sine. |

### Korleis jobbar vi med Reggio Emilia


Ein grunnleggjande føresetnad er at alle tilsette i barnehagen jobbar systematisk og at dei har eit ynskje om å utvikle seg sjølve og barnehagen sitt innhald i tråd med borna, foreldra og samfunnet sine ynskjer. Vi hentar inspirasjon frå grunntankane og på den måten utviklar vi innhaldet i vår barnehage ut ifrå våre forutsetningar, kultur og andre rammevilkår.

| Dei tre pedagogane   |   |  |
|--|---|--|
| Den vaksne   | Barnet  | Romet/Det fysiske miljø  |
| <p>-skal lytte til borna, tolke og forstå.</p> <p>-skal observere og sjå kva som opptek borna, vere open for undring, stille spørsmål og spinne vidare på det borna er nyfikne på.</p> <p>-skal støtte og rettleie borna til å finne svar ved å lytte, ha gode samtaler og gje anerkjening til borna sine tankar og idear.</p> <p>- skal gje tid og rom for refleksjon, undring og fantasi.</p> <p>- skal vere opptatt av borna sine kunnskar og forstå at kvart enkelt barn er unikt.</p> <p>- skal leggje større vekt på forskning i lag med borna enn på tradisjonell overføring av kunnskap.</p> | <p>- lærer gjennom egne erfaringar og observasjonar i samspel med andre born.</p> <p>- skal få uttrykkje seg gjennom ulike uttrykksformer som musikk, dans, drama og fysisk fostring og gjennom tilgang til ulike typar materiale.</p> <p>- har medfødte eigenskaper og eit potensiale som vi ikkje skal undervurdere.</p> <p>- må få tid til å lage seg teoriar og utveksle tankar og idear med kvarandre, slik at dei kan sjå dei ulike mulighetene og løysingane.</p> <p>-er ein del av ei demokratisk verksemd der dei skal erfare at deira tankar og idear er viktige for fellesskapet.</p> <p>- har positive sider som skal framhevast og har krav på å få ei positiv oppfatning av seg sjølve.</p> | <p>- skal fremje læring, vekke nyfikna og gje skaparglede.</p> <p>- skal innby til leik, forskning og skapande aktivitetar.</p> <p>-Materialet og leikene borna treng skal vere oversikteleg plasserte og tilgjengelege.</p> <p>- skal ha materiale som innbyr borna til gode møter med venane sine. Borna sine egne arbeid skal prege og pynte roma som skal vere både spennande og gode å vere i.</p> <p>-Bornar skal vere med å påverke kva slags rom vi treng i barnehagen og kva desse skal innehalde.</p> <p>-skal vere i stadig utvikling og endring.</p> <p>-Barnehagen skal vere eit levande skapande verkstad/atelier.</p> |

### Barnesyn:

Borna er vår viktigaste ressurs ! Vi jobbar for å skape trygge og glade born som syner at dei bryr seg om kvarandre. Jamfør Reggio Emilia pedagogikken skal vi møte borna sine interesser og ta desse med inn i barnehagen sin kvardag. Vårt barnesyn tilseier at borna lærer best ved førstehandserfaringar, gjennom forskning, undring over egne interesser og i samspel med andre. Prosjekt og tema arbeid er difor heilt sentralt i vår måte å jobbe på. Vi brukar uttrykket «Lyttande pedagogikk» for å skildre det å lytte til og å ha respekt for andre sine tankar. Vi skal ta borna på alvor og ta utgangspunkt i kvart enkelt barn. Barn lærer best gjennom samhandling med andre og omgjenvadane. Vi skal jobbe for at borna skal oppleve meistring, forteljarglede og at dei blir sjølvstendige. Dei skal utvikle seg til å bli spørjande, kreative, empatiske, ærlege, hjelpsame, tillitsfulle, nyfikne og aktive. For å få til dette treng vi engasjerte og reflekterte vaksne som har godt samspel med borna og som møter kvart enkelt barn der det er og som er gode rollemodellar.

Kva treng borna i «sekken sin» for å meistre livet.



### Planlegging, dokumentasjon og evaluering :

Kvar gruppe leggje ut på heimesida både vekeplanen og periodeplan. For å bli medvitne og meir reflekterte på vår arbeidsmåte, vil vi nytte dokumentasjon som eit verktøy. Dokumentasjon i form av bileter med tekst vil bli lagt på heimesida og hengt opp på basen. Vekeplanar vert lagt ut kvar veke. Vi har fast dags/vekerytme slik at de som foreldre veit i store trekk kva som skal skje i løpet av veka. Vi tek evaluering etter kvart på gruppemøte, basemøte og leiarmøte.

### Evaluering:

Evaluering av årsplanen skal gjerast ved gjennomgang av personalet kvar vår, barnesamtaler skal gjennomførast minimum kvart halvår, og tilbakemeldingar frå foreldra, både gjennom individuelle samtaler og gjennom FAU . I tillegg skal planen vurderast gjennom vurderingskriteria gjennom heile året.

Våre satsingsområder framover :

| Satsing                      | Mål   |
|------------------------------|---|
| <b>Leik</b>                  | Personalet skal vere tilgjengelege for borna. Dei skal støtte, inspirere og oppmuntre til leik. Dei har ansvar for at alle borna får innpass i leiken og at dei meistrar samspelet med dei andre borna. Setje av tid til den frie leiken og leggje til rette for leik i naturen.  |
| <b>Læringsmiljø og Språk</b> | Personalet skal dekkje rammeplanen sitt fagområde «kommunikasjon, språk og tekst» og skal sikre at barnehagen har eit godt språkmiljø og språkutvikling for alle born. Alle i personalet skal ha opplæring i ASK( alternativ kommunikasjon). Gjennom utviklingsarbeidet i samarbeid med Høgskulen i Volda vil vi vidareutvikle læringsmiljøet med vekt på språk og sikre at borna får eit inspirerende språkmiljø og blir kjende med lokale dikt, songar og forteljingar. |
| <b>Foreldresamarbeid</b>     | Foreldra og personalet har eit felles ansvar for at borna skal trivast og utvikle seg. Personalet skal i forståing med heimen ivareta borna sitt behov for omsorg, leik og læring. Samarbeidet skal alltid ha bornas beste som mål. Samarbeidet skal skje både på individnivå med foreldra til kvart enkelt barn og på gruppenivå gjennom foreldreråd og samarbeidsutvalet. Vi ynskjer å ha ein open og god dialog når foreldra leverar og hentar borna sine.             |
| <b>Vaksenrolla</b>           | Personalet skal møte borna med tillit og respekt og vere ein autoritativ vaksen, forutsigbar og trygg. Dei skal bidra til trivsel og glede i leik og læring. Dei skal fremje eit læringsmiljø prega av trygghet og venskap. Personalet skal være ein leikande vaksen som kan bruke seg sjølv i ulike roller i leik og formidling med vekt på eit godt leike og læringsmiljø.  |

**Vaksenrolla:**


Vaksenrolla er heilt sentral i alt arbeidet som vert gjort i barnehagen. Vi har hatt god opplæring gjennom Voldaprojektet (barns psykiske helse) og Cos opplæringa (trygghetssirkelen). I Øyra barnehage er vi gode på relasjonar, men vi treng alltid å bli betre, og arbeidet med vaksenrolla er svært sentral i utviklinga av Øyra barnehage. Vi stiller store krav til personalet, at dei må vere medvitne om dette ansvaret og vere gode rollemodellar for borna, gje dei trygghet og samtidig gje dei utfordringar som dei kan meistre og vekse på for å lære nye ting.

Den vaksne er ein viktig støttespelar for borna. Dei skal observera borna og vera tilstades, slik at dei kan hjelpe borna vidare i si utforsking og utvikling. Kva utfordringar og mogelegheiter me gir borna avheng av vår eigen kunnskap, kreativitet og tenking om born si utvikling. Dokumentasjon, refleksjon og faglege drøftingar vert viktige arbeidsmetodar, og målet vert å setja personalet inn i betydinga av den autoritativ vaksenrollen, og saman strekka oss mot denne.



### Mål for vaksenrolla i borna sin kvardag:

- Vere tilgjengelege for borna
- Delta i leik, men også halde avstand slik at borna kan leike for seg sjølve og i lag med andre.
- Vere merksame tilstades for å observere
- Leggje til rette for ein variert leik, rørsleleik, rolleleik/på liksomleik, regelleik og konstruksjonsleik.
- Prate med borna og hjelpe dei til å setje ord på leiken og på leikene.
- Rettleie borna til å dele på leikene, vente på tur og inkludere andre i leiken.
- Rettleie borna til å ta kontakt på ein positiv måte og kommentere dersom eit barn gjer eller seier noko positivt.
- Rettleie og hjelpe borna til å løyse konflikter.
- Leggje til rette for leik i smågrupper slik at borna får betre ro til å utdjupe relasjonane seg imellom.
- Fordele oss til det beste for borna både ute og inne.
- Være førebileter for borna.





## Satsingsområder /kjerneprosessar

Dette ser vi på som grunnmuren i vår kvalitetsutvikling og dei skal aldri stoppe opp. Kjerneprosessane medverkar til å skape eit godt pedagogisk miljø.

| Leik:   |   |   |
|---|---|---|
| Mål   | Tiltak  | Vurderingskriterier   |
| -Personalet skal vere tilgjengelege for borna.<br>-Personalet skal støtte, inspirere og oppmuntre borna.<br>-Personalet har ansvar for at borna får innpass i leiken og at dei meistrar samspelet med dei andre borna i leik. | -Vere saman med borna<br>- Delta, inspirere, setje i gong og vidareføre leik.<br>-Dei skal vere gode og engasjerte førebileter.<br>- Jobbe systematisk med sosial kompetanse:<br>- empati<br>- dele<br>- vente på tur<br>- ta kontakt<br>- konflikthandtering | -Søker borna dei vaksne?<br>-Leikar borna godt saman?<br>-Snakkar borna positivt om barnehagen heime?<br>-Er materiale og leiker synlege og tilgjengelege for borna?<br>-Er dei vaksne tilstadeverande? |

| Læringsmiljø / Språk :  |  |  |
|---|--|--|
| Mål   | Tiltak   | Vurderingskriterier  |
| - Personalet skal dekkje rammeplanen sitt fagområde «kommunikasjon, språk og tekst» og skal sikre at barnehagen har eit godt språkmiljø og språkutvikling for alle born.<br>- Alle skal ha opplæring i ASK (alternativ kommunikasjon)<br>- sikre at borna blir kjende med lokale dikt, songar og forteljingar.<br>- jobbe med utviklingsarbeidet som går på læringsmiljø og språk | -leike, improvisere og eksperimentere med rim, rytme, lydar og ord.<br>-jobbe med eventyr, forteljingar, sagn og andre uttryksformer.<br>-høgtlesing<br>-jobbe systematisk med støttebileter til ulike overgangssituasjonar.<br>-synleggjere språkleg og kulturelt mangfald.<br>-støtte borna sin leik med utforskning av skriftsspråket.<br>-skape eit variert språkmiljø | -greier borna å uttrykke kjensler, tankar og meiningar?<br>-brukar dei språket til å skape relasjonar?<br>til å løyse konflikter?<br>Har borna eit variert ordforråd?<br>eksperimenterar dei med rim rytme lydar og ord?<br>opplever spenning og glede ved høgtlesing?<br>-utforskar borna og gjer seg erfaringar med ulike skriftsspråkuttrykk? |

| Foreldresamarbeid:   |  |  |
|--|--|--|
| Mål  | Tiltak   | Vurderingskriterier  |
| <p>-Personalet skal i forståing med heimen ivareta borna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling.</p> | <p>-Foreldresamtale 2 gongar pr. år.</p> <p>-Personalet skal vere imøtekomande i hente- og bringesituasjon.</p> <p>- Skal ha gode rutinar for å følgje opp beskjedar frå foreldra.</p> <p>-Skal gje gode referat og leggje ut informasjon og bilete på heimesida</p> <p>- Gje foreldra tilgong til heimesida og facebookside til barnehagen</p> <p>- samarbeide og ha jamne møter i samarbeidsutvalet</p> <p>-minimum eit foreldremøte helst to dersom det er interesse for det.</p> | <p>-Kjenner foreldra igjen barnet slik vi beskriv det?</p> <p>- Utlekslar vi informasjon som er viktig for barnet sitt beste?</p> <p>Har vi tett samarbeid med heimen?</p> |

| Voksenrolla.  |   |   |
|---|---|---|
| Mål   | Tiltak  | Vurderingskriterier   |
| <p>Personalet skal møte borna med tillit og respekt.</p> <p>-Personalet skal bidra til trivsel og glede i leik og læring.</p> <p>-Dei skal fremje eit læringsmiljø som er prega av trygghet og venskap.</p> | <p>- Personalet skal vere blide og imøtekomande.</p> <p>- Dei skal bygge gode relasjonar til borna.</p> <p>- Dei skal ha mykje humor og glede i kvardagen.</p> <p>- Dei skal snakke med borna, leike med borna og vere gode rollemodellar.</p> <p>- Dei skal gje støtte og hjelp når borna treng det.</p> | <p>- Søkjer borna kontakt med dei vaksne?</p> <p>- Er borna trygge?</p> <p>Gjennomgang på gruppe-møter og basemøter</p> |

## Overgongar

Det å starte i Øyra barnehage skal opplevast som ein god start, både når det gjeld tryggleik og det å høyre til. Tilvenning, trygghet og det å høyre til er viktige nøkkelord i samband med alle overgongar.

### Ny i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet skal få ein trygg og god start. Barnehagen skal tilpasse rutinene og organisere tida slik at barnet får tid til å bli kjent med barnehagen og dei andre borna og få tid til å knyte seg til personalet. Det er ein stor overgong for borna frå å være heime til å ta til i barnehagen. I Øyra barnehagen legg vi til rette slik at foreldra kan bruke god tid ved denne overgangen.

Vi inviterar barnet og foreldra til besøk før tilvenninga startar og vi inviterar til foreldremøte for dei som er nye i barnehagen i juni før nytt barnehageår. Foreldra får tilsendt skjema dei skal fylle ut om sitt barn, slik at personalet på borna si avdeling blir litt kjent med borna sine rutiner mm før dei tek til i barnehagen. Vi legg til rette for at borna kan få bruke eit overgangsobjekt som td smukk, ein base ol. Dei minste borna har med egne vogner til å sove i. Dette er noko kjent og trygt for borna.

Foreldra får være med så lenge barnet har behov for det, det er gjerne lenger enn dei tre dagane ein får dekt av arbeidsgivar. Den første tida er det viktig med korte dagar. Kvart barn har si primærkontakt som vil følgje opp barnet og foreldra. Ei stund etter oppstart vil vi kalle inn til ei oppstartsamtale med dei nye foreldra, der vi vil snakke om barnet sin trivsel og korleis det har gått denne første tida.

### Overgang frå småbarn til storbarn

Vi vil leggje til rette for at både borna og foreldra får tid og rom til å bli kjende med både borna og personalet når dei skal ta til på storbarnsbasen.


### Overgang frå barnehage til skule

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at borna kan få ein trygg og god overgang frå barnehagen til skulen eventuelt skulefritidsordninga for dei borna som skal ta til der. Barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon om tilbodet til dei eldste borna som utgangspunkt for samarbeidet. Barnehagen må ha samtykke frå foreldra for å dele opplysningar om det enkelte barn til skulen.

Dei eldste borna må få høve til å gle seg til å ta til på skulen og få oppleve at det er ein samheng mellom barnehage og skule. I skal leggje til rette for at borna får med seg erfaringar, kunnskap, og ferdigheiter som kan gje dei eit godt grunnlag og motivasjon til å ta til på skulen. Vi skal bidra til at dei får avslutte barnehagetida på ein god måte slik at dei møter skulen med nyfikne og tru på egne evner. Borna skal få bli kjende med kva som skjer i skule og på skulefritidsordninga.

Overgongar er omfattande prosessar, dei omfattar ikkje berre det einskilde barnet og møtet med den nye læraren, klassekameratar og nye rammefaktorar. Heile familien og lokalmiljøet blir omfatta av overgangen. I samarbeid med skuleleiarane er det utarbeida ein plan for overgang barnehage og skule

Dette er område ein arbeider med for at barna skal oppleve samanheng i overgangen frå barnehage til skule :

|  |  |
|--|--|
| <p>Sosial kompetanse</p>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>• ta kontakt med andre på ein positiv måte</li> <li>• vere del av eit fellesskap</li> <li>• ta omsyn og vise omsorg</li> <li>• samhandle med andre</li> <li>• lære seg å handtere kjensler</li> <li>• vere sosialt aktiv utan å trykkje andre ned</li> <li>• vise akseptable kjensleuttrykk i forhold til sinne, usikkerheit og frustrasjon.</li> <li>• hevde egne synspunkt og akseptere andre sine</li> <li>• kunne tape og vinne i leik</li> </ul>   |
| <p>Konsentrasjon</p>   | <ul style="list-style-type: none"> <li>• ta imot ein beskjed</li> <li>• sitje i ro ei viss tid</li> <li>• starte opp, gjennomføre og avslutte ei oppgåve</li> <li>• Styrke kompetansen på eigen omsorg: td kle seg sjølv, toalettbesøk, ta var på sine egne saker</li> <li>• vente på tur</li> <li>• regelleikar</li> <li>• godta uskrivne reglar i leik</li> <li>• lytte til og vise interesse for det andre fortel</li> </ul>  |
| <p>Språk, tekst og kommunikasjon</p>   | <ul style="list-style-type: none"> <li>• øve på å få eit godt munnleg språk</li> <li>• gjere seg forstått med ord</li> <li>• høyre på høgtlesing og kunne gjenfortelje det ein las</li> <li>• leike med ord: rim og regler, orddeling, rytme, sang</li> <li>• kunne omgrep som først, sist, oppe, nede, over, under, bak, framme, mellom, yngst, eldst,...</li> <li>• ha kjennskap til bokstavar og tal</li> <li>• forstå samanhengen mellom munnleg og skriftleg språk</li> <li>• skrive namnet sitt og halde blyanten rett</li> <li>• teikne og klippe</li> <li>• rett skrive- og leseretning</li> </ul> |
| <p>Tal, rom, form</p>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>• ha eit visst tidsomgrep: i dag, i går, før, etterpå, første, andre, tredje..., størst, minst</li> <li>• orientere seg i naturen/ retningar</li> <li>• spele spel med terning</li> <li>• fargar og former (sirkel, kvadrat, trekant..)</li> <li>• øve på talomgrep til 10</li> </ul>   |

### Ein dag i barnehagen kan sjå slik ut:

**07.15:** Barnehagen opnar. Vaksne frå kvar base på møtesona.

**08.30:** frukost. Vi serverar havregraut og frukt til alle borna som ynskjer det. Frukost vert avslutta klokka 09.00

**08.00-10.00:** Felles basetid, morgonaktivitet fordelt på ulike rom. 1 vaksen på kvart rom og ein vaksen i møtesona

**09.15-09.30:** Morgonmøte

**10.00-14.00:** Gruppetid. Tilrettelagde aktivitetar som prosjekt og samling / leik

**11.00-12.00:** 1. måltid /Lunsj

**12.00-14.00:** Fortsettelse gruppetid. Aktivitet og leik, oftast ute.

**14.00-14.30** 2. måltid

**14.30-16.30:** Leik inne eller ute, samarbeid på og mellom basene.

**16.30-16.45:** Borna skal være henta. Rydding og gjere klart til stenging av barnehagen

### Kosthald

Øyra barnehage legg vekt på eit sunt og balansert kosthald. Vi bakar og lagar minst to varme måltid pr. veke. Vi trur at gode kostvanar lært i tidleg alder gjev større sjansar for at dette blir vidareført i vaksen alder. Borna får vere med på kjøkenet etter tur og vere med å lage sunn mat. Når borna har fødselsdag er det barnehagen som lagar til fruktfat, grønnsaker med dipp eller andre sunne alternativ i staden for søte kaker. Slik kan vi lære borna at når noko skal feirast er det naturleg å velje det sunne alternativet. Vi legg vekt på å få formidla til borna at reinsemd og handvask er grunnlaget for å halde seg frisk og unngå smitte. Vi legg tidleg grunnlag for gode rutinar hjå borna.

### Ikt og digital kompetans

Alle gruppene har kvar sin i-pad, kvar sin mobiltelefon og kvar sitt fotoapparat, som dei brukar til dokumentasjon i lag med borna. Borna kan og lage filmar og nytte verktøyet til språkleik og matematisk leik. Det er viktig at både dei vaksne og borna følgjer med på den digitale utviklinga og lærer seg å ta i bruk ulike hjelpemiddel.

### sosiale kompetanse:

Å kunne meistre kommunikasjon og leik i barnehagen er sosial kompetanse. Alle har noko å lære av kvarandre. Barn har ulike interesser, erfaringar og bakgrunn, noko som gjev rom for diskusjonar og erfaringsutveksling. Alle born har sterke sider på ulike områder, som dei kan utfordre eller støtte kvarandre på. Dei kan få kvarandre til å tenke nytt - ved å reflektere kring ulike påstandar og diskutere seg fram til ei ny forståing. Når born utforskar, og prøver ut eigne hypoteser, vert dei samstundes oppmoda til å skildre si forståing gjennom eit eller fleire symbolske språk. Å forstå, og bli forstått av andre, krev empati, og at ein utviklar evnen til å setja seg inn i den andre sin måte å tenke på og forstå verda på.

### Barna sitt fysiske læringsmiljø:

Vi har ein medviten utforming av det fysiske læringsmiljøet vårt.

Hovudmålet i all tilrettelegging av det fysiske læringsmiljøet, byggjer på ein tanke om at tilrettelegging av roma, og materialet me tilbyr barna speglar det synet me har på born og læring i vår barnehage. Me strekkjer oss etter å ha lokaler, inventar og uteområde som er utforma slik at dei tek omsyn til små og større barns behov for kroppslege utfordringar og som fremjar leik, læring, omsorg og det å høyre til. Slik kan vi sikre alle born ein variert, men likevel trygg og føreseieleg kvardag.

### Språk og språkstimulering i ein fleirkulturell barnehage

Ei god språkutvikling er viktig for barn både på kort og lang sikt. Evna til å bruke språket er avgjerande for korleis barn kan kommunisere med andre, korleis dei kan setje ord på erfaringar, fortelje om noko viktig, diskutere og reflektere saman med andre. St.meld. nr. 23 (2007-2008) «Språk bygger broer», inneheld eit viktig kapittel om språkmiljø og språkstimulering i småbarnsalderen og legg stor vekt på mangfald. St.meld. nr. 41 (2008-2009) «Kvalitet i barnehagen», legg vekt på kvalitet, innhald og kompetanse. Begge meldingane slår fast at språkstimulering er ei av dei viktigaste oppgåvene for barnehagen. Samvær, samtalar og deling av rike opplevingar er den viktigaste ressursen i barnehagen når det gjeld språkmiljø og språkstimulering. Personalet må vite at dei sjølve er viktige språklege modellar for borna.

Førstespråket er det språket barnet møter frå fødselen av (morsmålet). Dersom mor og far snakkar kvar sitt språk heime, får barnet to førstespråk. Andrespråket er storsamfunnet sitt språk, altså norsk i Norge. Vi kallar det andrespråk også om det faktisk blir det tredje språket barnet lærer. Personalet må oppmuntre barn med to- eller fleirspråkleg bakgrunn til å være språkleg aktive og samtidig hjelpe dei til å få erfaringar som byggjer opp deira omgrepsforståing og ordforråd på norsk.

Dei gode, tilrettelagte språklærings situasjonane handlar om at borna får gjere erfaringar, som dei så får samtale kring. Til fleire direkte sanseerfaringar borna gjer, til betre blir omgrepslæringa. Bileter som barn og vaksne sjølv tek, kan fungere godt. Bileta kan hjelpe borna med å huske kva dei har vore med på, og dei kan vere utgangspunkt for samtaler der borna får inn dei norske orda i meningsfulle samanhengar

Barn utviklar språk i samspel med andre. Aktivitetar som er viktige for barns språkutvikling er : - god samtale - rim, reglar, dikt og song - fortelling og høgtlesing - leik - utforsking av skriftspråket

### Tydeleg leiing

Staten set gjennom barnehagelova krav til at barnehagen skal ha ei forsvarleg pedagogisk og administrativ leiing. Leiing er å ta ansvar for å oppnå resultat saman med andre. Styraren leier gjennom andre og delegerer oppgåver og mynde. Barnehagen er å sjå på som ein kunnskapsorganisasjon der kompetansen til dei tilsette har mykje å seie for kvaliteten på barnehagetilbodet. I øyra barnehage har vi god kompetanse hjå dei tilsette. Styraren skal leie utviklings- og læringsprosessar i barnehagen, slik at barnehagen skal bli ein lærande organisasjon. Styraren har ansvar for å tilby kvart enkelt barn eit inkluderande barnehagemiljø som støttar opp om ei allsidig utvikling, og som tek hand om behovet for omsorg og leik, læring og danning hos det enkelte barnet og i barnegruppa.

Å vere ein tydeleg leiar er den viktigaste faktoren for å skape eit godt arbeidsmiljø.



I Øyra barnehage har vi klare roller og arbeidsoppgåver, der alle veit kva dei skal gjere og kven som har ansvar for kva. Vi vil legge til rette for meistring og motivasjon, slik at våre tilsette blir i stand til å gjere ein best mogleg jobb. Vi har gode rutinar for informasjon og kommunikasjon. Dei tilsette skal oppleve å få vere med å ta avgjerder. Det gjeld spesielt i planar og aktivitetar dei sjølve skal gjennomføre. Alle skal oppleve at dei er ein del av eit fellesskap. Tydeleg leiing med kontroll, struktur og å vere føreseieleg i det organisatoriske.

## Fagområda:

### Kommunikasjon, språk og tekst :



God kommunikasjon og samhandling ligg til grunn for å få ei positiv utvikling innan språk og sosial kompetanse. Kommunikasjon er meir enn ord, vi brukar både kropp, gestar og mimikk. Borna sitt språk er viktig for utvikling av sosiale relasjonar og for framtidig lese- og skriveopplæring. Det er difor viktig at

barnehagen har fokus på dette. I Øyra barnehage går vi inn for å vere gode samspelspartnarar for borna og kvarandre. Dersom vi oppdagar forseinking i språkutviklinga nyttar vi TRAS til tidleg registrering av språkleg utvikling. Tras er ei observasjonsmetode som gjev oss ein peikepinn på kva det enkelte barn treng av tilrettelegging for å oppnå ønska evner på området. Vi brukar SNAKKEPAKKEN og ASK(alternativ kommunikasjon) både til barn som treng ekstra språktrening og til resten av barnegruppa. Samlingsstund er nyttige språkverktøy som vi brukar kvar dag. Vi legg vekt på den naturlege samtalen, på tur, rundt bålet, ved matbordet, i skogen og på leikeplassen. Vi legg vekt på å fremje den gode samtalen og borna vert oppmuntra til å fortelje, dikte og fantasere slik at borna får stå i sentrum og får oppleve medverknad i eigen kvardag, språkleg utvikling og omsorg frå lyttande vaksne. I Øyra barnehage møter borna både vaksne og born med ulike dialekter og ulike morsmål. Å måtte førehalde seg til ulike dialekter og til born og vaksne med eit anna morsmål enn norsk ser vi på som ein ressurs som gjev borna større forståing og auka toleranse for å vere ulike. Dette krev at dei vaksne er medvitne og sjølv syner toleranse. Ved å oppmuntre til språkleg mangfald ynskjer vi at vi kan fremje stoltheit over eigen bakgrunn og egne røter. Vi vil ha fokus på lokale ord og talemåtar og jobbe vidare med prosjektet «bygda mi» I barnehagen får borna lære songar, telle mm på lokal dialekt og på ulike språk. Borna får formidling av tekst gjennom bøker. Barnehagen har eit stort utval av bøker som har eit vidt spenn i tema. Vi ynskjer å fremje nynorsk barnelitteratur og prøver så langt vi kan å utvide biblioteket vårt med nynorske barnebøker. I barnehagen vil vi og oppmuntre borna til å utvikle sitt skriftlege uttrykk gjennom å ta borna sin produksjon av tekstar gjennom å leikeskrive, teikne og dramatisering på alvor.

## Kropp, rørse, mat og helse:



I småbarnsalderen tileignar borna seg grunnleggjande motorisk dugleik, kroppskontroll, fysiske eigenskapar, vanar og innsikt i korleis dei kan ta vare på helse og livskvalitet. Mosjon og balansert kosthald er grunnlaget for ei god helse. Den psykiske og den fysiske delen av kroppen heng saman og dersom vi blir passive og i lite aktivitet blir vi fort slitne og trøtte og har liten motivasjon. Kroppen vår er laga for rørse og det er viktig at vi tidleg legg eit godt grunnlag for å styrkje musklar, skjelett og lungekapasiteten vår. Vi legg vekt på å gjere borna medvitne om korleis kroppen er bygd opp, korleis vi bevegar oss og forklare kvifor

det er viktig å vere i aktivitet. Vi meiner at gode vanar i barndommen gjev grunnlag for gode vanar i vaksen alder. Vi trur at gode kostvanar lært i tidleg alder gjev større sjansar for at dette blir vidareført i vaksen alder. Vi vil ha fokus på sunt kosthald.

Vi legg vekt på å vere fysisk aktive og øve opp kroppskontrollen når vi er ute og utforskar naturen. Vi ser det som viktig at borna får utfordringar som å balansere, klatre i tre og verte medvitne om sine eigne grenser for kva dei meistrar. For førskulegruppa har vi time i basseng ein gong pr. veke. Borna skal bli medvitne på kroppen sin i høve varme og kulde. Og etter kvart bli medvitne om kva kle dei treng å ta på seg for å halde varmen, ikkje bli våte og å ikkje bli for varme. Vi ynskjer at borna sjølve skal vurdere dette gjennom erfaring og ved rettleiing frå personalet. Vi forventar ikkje det same av ein treåring som av ein femåring

## Kunst, kultur og kreativitet:



Borna skaper sin eigen kultur utifrå eigne erfaringar. Å få gjere noko, skape noko, oppleve noko saman bidreg til samhald i barnegruppa. Gjennom rike erfaringar med kunst, kultur og estetikk får borna høve til sansing, opplevingar, eksperimentering, skapande verksemd, tenking og kommunikasjon. Øyra barnehage jobbar etter inspirasjon frå Reggio Emilia. Det er difor viktig for oss at borna får handsame ulike inntrykk gjennom teikning,

maling og skapande aktivitetar. Gjennom si skapande verksemd får borna dokumentert og synleggjort sitt arbeid gjennom barnehagedagen. Slik får vi høve til å sjå barnet på nytt og kunne samtale med barnet. Alle born har positive sider som skal framhevast og dei må få høve til å uttrykkje seg gjennom ulike materialar. Vi er mykje ute i naturen og det er difor ikkje alltid borna har med seg heim det dei har laga. Ute på tur får borna spikke og forme med naturmateriale, dette gjev og stor meistringsglede hjå borna. Vi har stort utval av utkleddningskle og borna er aktive med drama og dramaleik. Vi legg vekt på at dei skal få kjennskap til alle typar musikksgangrar som kan gje dei inspirasjon til sine estetiske uttrykk.

## Natur, miljø og teknologi:



Naturen er ei kjelde vi kan ause av for eit mangfald av opplevingar og aktivitetar til alle årstider i all slags ver. Borna skal bli kjende med og få forståing for plantar og dyr, landskap, årstider og ver. Borna skal få innblikk i kor viktig det er med ei berekraftig utvikling og få forståing og glede over samspelet i naturen og mellom mennesket og naturen. Vi legg vekt på gode naturopplevingar og har ein dag med friluftsliv for alle aldersgrupper. Borna lærer mykje om naturen. Namn på

planter, fuglar og dyr. Får kjennskap til ulike naturfenomen. Dei lærer om at vi alle har ein plass og funksjon i naturen si oppbygging og at vi er avhengige av kvarandre. Borna får lære om å plante og hauste og produksjon av mat. Vi kjeldesorterer så langt det let seg gjere i ein travel barnehagedag, vi tenkjer miljø og respekt for naturen når vi ferdast i den. Vi ønskjer å lære borna å ta vare på ting i staden for å kaste og at vi kan nytte verdiløst materiale til leik og forming.

Borna får kjennskap til tekniske hjelpemiddel ved å ta del i ulike arbeidsoppgåver i lag med personalet. Vi legg til rette for konstruksjonsleik ved å gje dei tilgang til ulike byggematerialar som store og små klossar, lego, mm. Ved å få leike med vatn gjer dei seg erfaringar om korleis vatn fungerer og at det kan vere mykje krefter i vatn. Dei får lære om korleis ulike vertypar oppstår og endringar i naturen gjennom året.

## Mengd, rom og form:



Gjennom leik, eksperimentering og kvardagsaktivitetar utviklar borna matematisk kompetanse kvar dag i barnehagen. Borna lærer å telje og brukar å telje mengder i ulike samanhengar. Når dei er på tur og ser tre fuglar på ei grein og to flyg vekk, kor mange er dei då? Når dei ferdast i naturen lærer dei om form og rom, ein rund stein, ein trekanta stein, ein flat stein. Vi skal gje borna trening i sortering og ulike mønster. Vi har mange ulike spel som stimulerer til matematisk tenking og logisk

tankegang. Vi har ulike klossar, leiker og formingsmateriell som gjev borna erfaring med klassifisering og sortering. I førskulegruppa blir det jobba meir systematisk med tal, rom og form og vi brukar varierte metodar og omgrep. Vi gjev borna tid og rom til å sjølv oppdage og skape og til å utforske matematiske samanhengar.



## Etikk, religion og filosofi:



Etikk, religion og filosofi er med på å forme måten vi oppfattar verda og menneska på, og er med å prege verdier og haldningar. I fleire hundre år har kristen tru og tradisjon saman med humanistiske verdier prega norsk kultur. Alle born er ulike både når det gjeld utsjånad og dialekt/språk. Nokon trur på Jesus og nokon trur på Allah. Dette seier noko om det mangfaldet vi har av kulturar. Når vi får eit sopass stort kulturelt mangfald som vi har i samfunnet i dag er det viktig å jobbe med toleranse, religionsfridom

og likeverd. «Barnehagen skal bruke mangfald som ein ressurs i det pedagogiske arbeidet og støtte, styrkje og følgje opp barna ut frå dei kulturelle og individuelle føresetnadene. Barnehagen skal synleggjere variasjonar i verdier, religion og livssyn. Det skal vere plass for ein åndeleg dimensjon i barnehagen som må brukast som utgangspunkt for dialog og respekt for mangfald.»

Rammeplanen 2017 s.9

Barnehagen skal reflektere og respektere mangfaldet som er representert i barnegruppa, samtidig som vi vil ta med oss verdier frå kristen og humanistisk arv og tradisjon. Vi skal vere ein arena der viktige spørsmål kring etikk, religion og filosofi vert tatt på alvor. Vi skal vise openheit og toleranse. Borna skal få høve til å bli kjent med den kristne og humanistiske kulturarven ved at vi markerar dei viktigaste kristne høgtidene. Vi ynskjer at borna skal få innsikt i dei kristne grunnverdiane og deira plass i kulturen. Borna skal og få kjennskap til andre religiøse, livssynsmessige og kulturelle tradisjonar som er representerte i barnehagen. Borna skal bli merksame på konsekvensane av dei etiske vala dei gjer i kvardagen. At det er viktig å møte kvarandre, samfunnet og naturen med respekt. Vi er mykje ute i naturen og vi har gode høve til å la borna sjå korleis vi som menneske kan påverke naturen og økosystemet. På den måten kan vi skape respekt for naturen. Vi skal møte spørsmål og undring frå borna med respekt, skape rom for ettertanke og gode samtalar. Personalet skal vere gode modellar som i sitt møte med borna skal gje støtte til borna si identitetsdanning og bidra til toleranse for ulike kulturar og ulike måtar å leve på.

## Nærmiljø og samfunn:

Barnehagen er sjølv eit samfunn. Vi har våre reglar og strukturar. Vi har vår eigen måte å samhandle på og vårt eige sett med verdier som vi jobbar etter og møter borna med.

At borna har medråderett er deira første steg til å få erfaring og innsikt i eit demokratisk samfunn. Vi er og ein del av nærmiljøet i vårt nabolag. Vi har turmål i ulik radius frå barnehagen som borna etter kvart lærer å ferdast i og blir kjend i. I vår barnehage skal borna få kjennskap til ulike tradisjonar, både norske og andre kulturar. Og ikkje minst skal dei få kjennskap til barnehagen sin eigen kultur og tradisjonar. Når det gjeld historiske endringar i nærmiljøet ser vi det som viktig at borna får kjennskap til vår eigen barnehage og kva gamle- huset (Barstادهuset) har vorte brukt til og historia vidare. Vi ynskjer å styrkje borna sin kunnskap om lokalsamfunnet for slik å skape band til heimstaden. Borna skal få meningsfylte møte med institusjonane i nærområdet som blant anna Fjordsyn og Omsorgssenteret og bli kjende med den gamle busetnaden /industrien i Elvadalen og Haualeitet/Volda bygdetun.

Vi ynskjer også at borna skal få kjennskap til Aasentunet og Ivar Aasen sitt arbeid for det nynorske språket.

Barnehagen skal gje borna kjennskap til menneskerettane og barnekonvensjonen og fremje likestilling og likebehandling av kjønna. I barnehagen skal vi ha ei medviten haldning mot mobbing og rasisme. Media vil og i ulik grad påverke kvardagen til borna. Vi vil bruke litteratur og media for å utdjupe erfaringane til borna, men vi ser det som viktig å lære borna til å vere kritiske til det som blir formidla.

Borna skal i løpet av barnehagetida få kjennskap til vår eiga urbefolkning og den samiske kulturen. Samane er Noregs urbefolkning og ein viktig del av norsk kultur. Vi vil markere Samefolkets dag som er 6. februar. Borna skal få kjennskap til samiske kle, slik som «skaller» huer, belter, sjal, lasso og det samiske flagget. Borna skal få kjennskap til kva land samane bur i, korleis samane levde før, og korleis dei lever no. Borna skal få høyre samisk musikk og bli fortalt samiske eventyr. Og vi vil lage samisk mat.





## Progresjonsplan for fagområda.

For å sikre progresjon i læringa har vi delt borna inn i grupper etter alder ;



| Fagområde : KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST |  |
|---|--|
| Alder                                     | Mål  |
| 1 år<br>Blåklukke                         | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Respondere på eige namn og namna til personalet på gruppa.</li> <li>- Bli kjende med kvarandre og kjenne igjen andre sitt namn</li> <li>-Lære seg til å høyre og respondere</li> <li>-Bli kjent med lyd og rytme</li> <li>-Få oppleve å bli lest for, og nytte peikebøker og bileter i kommunikasjonen.</li> <li>-Få uttrykkje seg sjølv.</li> <li>- Lære seg skilnad på ja og nei</li> <li>- Lære seg og vere med på enkle barnesongar med rørsler</li> </ul>   |
| 2 år<br>Prestekrage                       | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Forstå og førehalde seg til ja og nei</li> <li>-Bruke språk/kommunikasjon til å vise kva dei vil</li> <li>-Kunne uttrykkje eigne ønsker på ein formålstenleg måte</li> <li>-Kunne lytte til kvarandre</li> <li>-Utvide sangreportoaret og gjere rørsler til</li> <li>- Gjere seg nytte av språket i leiken</li> <li>-Ta til å kunne setje ord på kjensler</li> <li>- forvente at dei tek til å forstå ulike omgrep som antal og fargar</li> </ul>  |
| 3 år<br>Kvitveis                          | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Kunne forstå nokre omgrep (preposisjonar, antal, fargar, tal og bokstavar, overomgrep, nokre underomgrep, motsetningar</li> <li>-Kjenne igjen bokstaven sin</li> <li>- Ta imot enkle beskjedar</li> <li>-Svare på enkle spørsmål</li> <li>-Kunne gjenfortelle kva dei har gjort</li> <li>- Jobbe vidare med å kunne setje ord på kjensler</li> <li>-Gjenkjenne og syngje songar, rim og reglar</li> </ul>  |
| 4 år<br>Solsikke                          | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Kunne setje ord på kjensler</li> <li>-ta andre sitt perspektiv og vise empati</li> <li>-kunne ta imot beskjedar, lytte.</li> <li>-vente på tur</li> <li>-Huske og gjenfortelle frå opplevingar</li> <li>-Forstå at nokre ord kan ha fleire tydingar</li> <li>-Kunne forklare meir detaljert ved bruk av ulike omgrep som over, under, oppå osv</li> <li>-Kunne kjenne igjen bokstaven sin og prøve å skrive namnet sitt</li> <li>- Vise interesse for leike-skriving.</li> <li>-Kunne lage enkle forteljingar /historier</li> <li>-Vere inkluderande og kunne delta i konfliktløysing</li> <li>-Kunne å gje uttrykk for sine behov på ein god måte</li> <li>-Ta til å forstå konsekvens av eiga handling</li> <li>-Skal kunne ulike omgrep som fargenamn, tal, bokstavar og ulike</li> </ul> |

|  |   |
|--|---|
|  | motsetningar.   |
| <b>5 år</b><br><b>Kløver</b>   | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Skal kunne kommunisere på ein positiv måte både verbalt og med kroppsspråk</li> <li>-Kunne lytte, ta imot beskjedar og respondere på dei.</li> <li>- Skal ha dei aller fleste språklydane på plass</li> <li>-Kunne kjenne igjen nokre ordbilete</li> <li>- ha kjennskap til alfabetet og kunne å skrive namnet sitt</li> <li>- kunne vere med å lage tekstar som enkle eventyr og forteljingar</li> <li>- Ha forståing for og kunne gjenfortelle opplevingar og historier</li> <li>-skal kunne fleire rim og reglar</li> </ul>  |
| <p><b>Vaksenrolla:</b><br/>Skal vere gode språkmodellar og synleggjere mangfalde i kommunikasjon. Gje borna tidleg og variert språkstimulering ved å lytte, setje ord på gjenstandar og hendingar. Oppmuntre borna til å setje ord på kjensler og bruke ord i konfliktløsning. Samtale om opplevingar, tankar og kjensler for å utvikle eit rikt språk. Ha god tilgang på og lese bøker for borna. Bruke rim, reglar, song og musikk i kvardagen. Ta i bruk hjelpemiddel som i-pad og data for å leike med språk. Born som har vanskar med kommunikasjonen må få god støtte og tilrettelegging. Barn med eit anna morsmål enn norsk må tidleg få ekstra støtte til si språkutvikling. Viktig å sikre at dei beherskar dei ulike omgrep og underomgrepa i språket. At dei har god språkforståing.</p> |   |
| <b>Fagområde : Kropp, rørsle, mat og helse</b>   |   |
| <b>Alder</b>   | <b>Mål</b>  |
| <b>1 år</b><br><b>Blåklukke</b>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Bli medviten om eigen kropp</li> <li>-Lære å gå ute på uteområdet og på korte turar</li> <li>-Lære å røyse seg sjølv</li> <li>-Kunne bruke bøtte og spade</li> <li>-Kunne kaste og trille ball</li> <li>-kunne finne plassen sin i garderoba og øve på å henge opp og setje på plass</li> <li>-Prøve å kle seg sjølv</li> <li>-Vaske hender før mat og vaske ansikt og hender etter mat med hjelp frå ein vaksen.</li> <li>-Lære å drikke av kopp</li> <li>-Øve seg på å ete sjølv</li> <li>-Øve på å sitje i ro ved matbordet</li> <li>-Få smake, lukte og føle på ting</li> <li>-Tilby dei nye smakar når det gjeld mat</li> <li>- Ta til på potte/toalett-trening</li> <li>-Vise kjensler og vise empati og omsorg for andre.</li> <li>- Ta til å forstå skilnad på rett og galt og at ting får konsekvensar</li> <li>-Lære korleis vi løyser konflikhtar i staden for å slå og bite.</li> </ul> |

|   |   |
|---|---|
| <p><b>2 år</b><br/><b>Prestekrage</b></p> | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Bli medveten om kroppen og lære songar om kroppen</li> <li>-Lære å balansere, klatre, hoppe, stå på ein fot</li> <li>-Gå turar i nærområde som td. Tuespretten og øve seg på lengre turar og ulendt terreng</li> <li>-Ta til å kle på seg sjølv og ta opp glidelåsar, ta på huer</li> <li>- Øve på finmotoriske aktivitetar som klipping, puslespel, perle mm.</li> <li>- øve på å smøre eigen mat og ete med skei, kniv og gaffel</li> <li>-Lære seg orden og setje kle og andre ting på plass etter seg</li> <li>-meistre handvask sjølve</li> <li>-Lære å halde seg for munnen når ein hostar og nys</li> <li>-øve seg på konflikt-handtering</li> <li>-Få vere med å lage mat</li> <li>- få innsikt i kvar maten kjem ifrå og få vere med å så td. erteskolmer, karse, salat ol. sjølve</li> </ul>  |
| <p><b>3 år</b><br/><b>Kvitveis</b></p>    | <ul style="list-style-type: none"> <li>-kunne sykle på trehjuls sykkel</li> <li>- i stor grad greie å smøre maten sjølv og helle oppi mjølk i koppen</li> <li>-Greie ein del av påkledninga sjølv</li> <li>-trene på å ga på toalettet sjølve</li> <li>- Greie puslespel med 10 brikker og meir</li> <li>-Greie lengre turar som Lærarskuleskogen og etter kvart Grindløda</li> <li>- Ta til å forstå at mat og helse heng i hop</li> <li>-Kunne å ta kontakt med andre på ein hensiktsmessig måt</li> <li>-Trene på konflikthandtering</li> <li>- kunne ete variert og smake på nye matrettar</li> <li>-Forståing for kva som er rett og gale</li> </ul>   |
| <p><b>4 år</b><br/><b>Solsikke</b></p>    | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Smøre maten sin sjølv og meistre å bruke bestikk som skei, kniv og gaffel</li> <li>- Kunne kjenne etter og seie ifrå når dei må på toalettet</li> <li>-Vaske seg på hendene etter toalettbesøk og før måltid</li> <li>-Kjenne til årstidene og kva kle som høver</li> <li>-Kunne meistre å bruke dei store muskelgruppene til å springe, hoppe, hinke og klatre</li> <li>- Gå i trapper og gå på ski om vinteren</li> <li>- Meistre å sparke og kaste ball</li> <li>-Meistre ulendt terreng og kunne gå lengre turar som opp til Prestesætra, Klepp og Grindløda</li> <li>-Meistre å klippe med saks og lage perle smykker og nabbi bileter</li> <li>- Meistre puslespel med inntil 24 bitar</li> <li>- Halde orden rundt seg</li> <li>- Kunne vise empati og forstå andre sine kjensler. Syne evne til å dele , hjelpe andre og kunne samarbeide</li> <li>- Gjere seg erfaringar med å delta i matlaging og få smake nye smakar og matrettar</li> <li>-Vere med å dyrke sin eigen mat</li> </ul> |

|  |  |
|--|--|
|  | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Få forståing for kvar maten kjem ifrå</li> <li>-Sortering.</li> <li>-Gardsbesøk</li> </ul>   |
| <p><b>5 år</b></p> <p><b>Kløver</b></p>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Greie å smøre maten sin sjølv og slå opp mjølk utan å søle</li> <li>- Meistre å kle av og på seg sjølv</li> <li>- Øve seg på å tørke sege etter toalettbesøk</li> <li>-Vite kva som er sunt og usunt</li> <li>-Vere med på kjøkeneneste</li> <li>-Meistre å kjenne etter og gå på toalettet når dei kjenner at dei må</li> <li>-Vaske hender etter utetida, etter toalettbesøk og før måltid</li> <li>-Greie å finne fram kle dei skal ha på når dei skal ut</li> <li>-Meistre å kle seg sjølve og å halde orden på plassen sin</li> <li>-Kunne seie ifrå når dei er våte og kalde</li> <li>-Meistre grov- og finmotoriske aktivitetar som td. Pinsettgrep, blyantgrep, ha god balanse og generelt god kroppskontroll.</li> <li>- Gode koordinasjonsevner</li> <li>-Kunne gå lengre turar som Prestesætra og Dinglavatnet</li> <li>-Vite skilnad på høgre og venstre</li> <li>-Ha kjennskap til og kunne skilje mellom dei ulike kjenslene</li> <li>-Kunne lese situasjonar , tilby hjelp, vise omsorg og vere inkluderande.</li> <li>-Meistre sinne og kunne løyse konfliktar verbalt.</li> <li>- Vere med å dyrke sin eigen mat som td. kål, gulrot, poteter mm og også hauste desse.</li> <li>- Gardsbesøk for å lære om kvar maten vår kjem ifrå</li> <li>- sortering</li> </ul> |
| <p><b>Vaksenrolla:</b></p> <p>Dei vaksne skal leggje til rette for at borna får oppleve rørsleglede, matglede og matkultur. Leggje til rette for ei god og robust fysisk og psykisk helse. Dei vaksne skal inspirere borna til å bruke kroppen sin, følgje opp borna sitt initiativ. Dei vaksne skal gje borna gode vanar og haldningar gjennom å gje dei kunnskap om kost, hygiene, aktivitet og kvile. Inspirere borna til fysiske utfordringar og det å bruke kroppen sin. Leggje til rette for glede og meistring gjennom sansemotorisk og kroppsleg leik. Lære borna om grensesetting for eigen kropp. Gje borna erfaringar med uteliv /friluftsliv til alle årstider. Personalet må vere gode rollemodellar både når det gjeld mat og kosthald og i å ta vare på kroppen vår og få vere i aktivitet.</p> |  |
| <p><b>Fagområde : Kunst, kultur og kreativitet</b></p>   |  |
| <b>Alder</b>   | <b>Mål</b>   |
| <p><b>1 år</b></p> <p><b>Blåklokke</b></p>   | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Bli kjende med tradisjonelle barnesongar</li> <li>-Utforske sansane sine, høyre ,smake, lukte , sjå og føle på</li> <li>- uttrykkje seg estetisk gjennom , musikk, song og forming/teikning</li> </ul>   |
| <p><b>2 år</b></p>   | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Få kjennskap og erfaring i å arbeide med musikk, dans og drama</li> </ul>   |

|   |   |
|---|---|
| <b>Prestekrage</b>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Lære fleire songar</li> <li>- Få høyre kjende eventyr</li> <li>-Få kjennskap til å jobbe med kunst</li> <li>-Få prøve ut og erfare rolleleik</li> <li>-Lage ei kunstutstilling</li> </ul>  |
| <b>3 år</b><br><b>Kvitveis</b>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Få kjennskap til eventyr og forteljingar både frå eige land og andre land.</li> <li>-Få kjennskap til tradisjonelle og moderne tekstar.</li> <li>-Få kjennskap og erfaring til å bruke ulike reiskap som penslar, svampar m.m.</li> <li>-Få uttrykkje seg gjennom bruk av musikk, dans/rørsle og kunst.</li> <li>-Bli dramatisert for og dramatisere saman.</li> <li>-Ha eiga kunstutstilling</li> </ul>  |
| <b>4 år</b><br><b>Solsikke</b>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Få bruke konkretar og objekt til å dramatisere med.</li> <li>-Øve på bruk av saks</li> <li>-Øve på blyantgrep</li> <li>-Øve på å vere nøyaktig i utføring av teikning og fargelegging</li> <li>-Kunne ta ordet og lytte når andre har ordet.</li> <li>- Evne til å hugse tekstar og songar</li> <li>-Bli kjent med ulike kjende kunstverk og komposisjonar</li> <li>- Ha kunstutstilling</li> </ul>   |
| <b>5 år</b><br><b>Kløver</b>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Besøkje Haualeite og lære om gamal bygdekultur</li> <li>-kreativitet gjennom teikning, maling modellering, syng, lim og klippe</li> <li>-Lage eiga kunstutstilling</li> <li>-Delta på konsertar og teater</li> <li>-Gje borna innblikk i eventyr og songar.</li> <li>- Få prøve seg på kunst, dans, drama og musikk</li> <li>- delta på kunstutstilling i Aasantunet</li> <li>-lage kunstutstilling sjølve</li> <li>- Kjenne til nokre kjende kunstnarar og verka deira td bilete eller musikkverk. Få prøve å lage sjølve</li> </ul> |
| <p><b>Vaksenrolla</b></p> <p>Gjennom fagområdet kunst, kultur og kreativitet vil vi at borna skal få lytte, sjå og uttrykkje seg gjennom ulike møter med refleksjon gjennom kunst, kultur og estetikk. Vi vil styrkje borna sin kulturelle identitet og deira personlege uttrykk, ved å ta i bruk fantasi, kreativitet og skaparglede. Borna skal få kjennskap til ulike teknikkar og verkemidlar innan kunstfaget og ulike kunstmateriale.</p> <p>Dei vaksne skal skape rom for både vaksenstyrte og barnestyrte aktivitetar, der borna får utøve både uttrykk og inntrykk. Lytte til borna og vere merksame på deira kulturelle uttrykk. Gje borna rom for å uttrykkje seg gjennom kunst ved å gje dei tilgang til bøker, bilete og andre verktøy som er skapande. Motivere og leggje til rette for at borna får uttrykkje seg gjennom kunst. Vere tilstades og veksle mellom tilrettelagde og spontane aktivitetar.</p> <p>Viktig å sikre trygge materialar. Ta vare på borna sitt initiativ med tanke på lyd, musikk og</p> |   |

|  |   |
|--|---|
| <p>rørsle. Dele i små grupper. Bruke rørsler, stemme og ansiktsuttrykk. Dramatisere for borna. Undre seg, lese, benevne, syngje og leike i lag med borna. Setje ord på kjensler. Bruke bilete for å snakke om opplevingar. Bruke song, musikk og dans. Vise borna at ulike materiale som td. Konglar, kan brukast i dramatisering og i kreativ kunst. Dramatisere for borna og la borna få dramatisere. Motivere og støtte i forming og leik. Nytte foto som dokumentasjon. Formidle eventyr gjennom forteljing og drama. Leggje til rette for møte med profesjonelle kunstutøvarar.</p> |   |
| <p><b>Fagområde : Natur, miljø og teknologi</b></p>  |   |
| <b>Alder</b>   | <b>Mål</b>  |
| <p><b>1 år</b><br/><b>Blåklukke</b></p>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Bli kjend med barnehagen sitt uteområde.</li> <li>- Gå korte turar i nærmiljøet</li> <li>-Få oppleve ulike årstider og ulike vertypar ved å vere ute i all slags ver.</li> <li>- Få vere i lag og undre seg i lag med dei vaksne over mangfaldet i naturen.</li> <li>-Få ulike motoriske utfordringar</li> <li>-Få oppleve ulike aktivitetar som leik med vatn, leik og kvile på sanse-romet</li> <li>- få oppleve meistringsglede.</li> </ul>  |
| <p><b>2 år</b><br/><b>Prestekrage</b></p>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>-gå turar og oppleve naturen i nærområdet til barnehagen slik at borna får ei positiv oppleving kring det å gå tur.</li> <li>-Få høve til større fysiske utfordringar og trene på å gå i ulendt terreng.</li> <li>-Lære å kaste søppel etter seg</li> <li>-Få kjennskap til vær og årstider</li> <li>-Få kjennskap til dyr og planter i naturen</li> <li>-Ta til å kunne setje ord på opplevingar og turar i naturen ved å nytte bilete i dokumentasjonen</li> <li>-bli kjende med og gjere seg nytte av ulike naturmateriale</li> </ul> |
| <p><b>3 år</b><br/><b>Kvitveis</b></p>   | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Få kunnskap om dei ulike årstidene og kva som skjer i naturen</li> <li>- Lære å rydde etter seg både på plassen i garderoba, etter måltid og i andre situasjonar</li> <li>- Lære å ta vare på naturen ved kjeldesortering</li> <li>-Bli kjend i nærmiljøet</li> <li>-Gå lengre turar som td. til Lærarskuleskogen, Nordalen</li> </ul>  |
| <p><b>4 år</b><br/><b>Solsikke</b></p>   | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Lære om resirkulering av matvarer</li> <li>- Få kunnskap om såing og hausting</li> <li>-Få kunnskap om ver, ulike verfenomen og kva type kle som høver til ulike vertypar</li> <li>-Lære om kva som skjer i dei ulike årstidene</li> <li>-Lære om ulike naturmaterialer og ta dei i bruk i forming, dramatisering matlaging osv.</li> <li>-Gå lengre turar som Klepp og Prestesetra</li> </ul>  |



|  |   |
|--|---|
|  | -Lære å syne respekt for naturen og dyre- og fuglelivet.  |
| <b>5 år</b><br><b>Kløver</b>   | <ul style="list-style-type: none"> <li>-få kunnskap om dyr og dyreliv</li> <li>-Lage konstruksjonar i ulike materialar og lage ein skulptur</li> <li>-Utforske og utføre teknologiske eksperiment</li> <li>-Lære om årstidene vi har i den norske naturen.</li> <li>-Lære om livsløpet til tre, plantar, dyr og menneske</li> <li>-Ta i bruk naturen som leikearena</li> <li>-Vere miljømedvitne og rydde rundt barnehagen</li> <li>-Få lære å ta i bruke ulike teknikkar og utstyr som ; spikke, fiske, snekre, lage terrarium, nytte forstørrelsesglas og mikrosop.</li> <li>-Lære om menneskekroppen og korleis vi er på innsida og utsida.</li> <li>- Besøkje ein bondegård og få kjennskap til ulike typar dyr og matproduksjon av dyr.</li> </ul> |
| <p><b>Vaksenrolla :</b><br/>                 Dei vaksne skal vere gode modellar slik at vi vekker borna si nyfikenheit, interesse og forståing for naturen og friluftsliv til alle årstider. Gje dei kjennskap og innsikt i kva naturen gjev oss, korleis vi tek vare på naturen og med teknologi. Ta i bruk teknologiske hjelpemiddel i leiken og i kvardagslivet. Gje borna kjennskap til produksjon av matvarer. Gje dei høve til å lære om dyr, fiskar, fuglar, insekt og planter.</p> |   |
| <b>Fagområde : Mengd, rom og form</b>  |   |
| <b>Alder</b>   | <b>Mål</b>  |
| <b>1 år</b><br><b>Blåklukke</b>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Få utforske og få erfaring med ulike former og mønster gjennom bruk av puttekasser, puslespel ol.</li> <li>-Få erfaring med ulike omgrep som stor, liten , under og over</li> <li>- få erfaring med storleikar og mengder</li> </ul>  |
| <b>2 år</b><br><b>Prestekrage</b>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Få erfaring med sortering</li> <li>-Bli kjent med og etter kvart greie å skilje ut firkantar, sirkclar og trekantar ved å sortere desse.</li> <li>-Ta til å vise med fingrane antal som 1-5</li> <li>- kunne pusle og setje saman enkle puslespel</li> </ul>  |
| <b>3 år</b><br><b>Kvitveis</b>   | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Utforske og få innsikt og forståing for ulike former som sirkel, firkant og trekant</li> <li>-få erfare og samanlikne ulike storleikar</li> <li>- Bruke kroppen og sansane for å utvikle romforståing</li> </ul>  |
| <b>4 år</b><br><b>Solsikke</b>   | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Få innblikk i primærfargane og sekundærfargane</li> <li>-Ha forståing for å telje . Kunne telje til ti</li> <li>-Kunne rydde og sortere leiker</li> <li>-kunne bli med å spele spel og kunne vente på tur</li> <li>- få kjennskap til universet og det uendelege</li> <li>-lære å lage mønster</li> </ul>   |

|   |  |
|---|--|
| <p><b>5 år</b></p> <p><b>Kløver</b></p>   | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Kunne telje til 100</li> <li>- Skal kunne fargane</li> <li>- kunne grunnformene</li> <li>-Få innsikt i matematiske omgrep</li> <li>-Kunne spele brettspel</li> <li>-Kunne eksperimentere med mengder og storleikar</li> <li>-Delta i å lage mat både inne og ute og ta i bruk ulike målereiskap</li> <li>-Kunne dekke bordet med koppar, fat og bestikk</li> <li>-Ta i bruk songleikar og reglar der borna tel td gøyme og leite, haien kommer stiv heks osv.</li> </ul> |
| <p><b>Vaksenrolla:</b></p> <p>Dei vaksne skal leggje til rette for at borna har tilgang til og tek i bruk ulik teknologi, spel, materiell, klossar, leiker, telje- og sorteringsmateriale. Leggje til rette slik at borna får erfaring med ulike typar mål, måleiningar og målereiskap. Dei skal stimulere borna til å undre seg rundt tema som vekt, volum, tid og avstandar. Dei skal oppmuntre til utforsking , lytte og vere merksame i høve kva borna uttrykkjer gjennom leik og kvardagsaktivitetar. Vere medvitne om eigen omgrepsbruk og støtte den matematiske utviklinga til barnet. Dei vaksne skal leggje til rette for utforsking og leik med tal, mengder, former og mønster. Borna skal få tileigne seg ulike matematiske omgrep, få erfaring med ulike storleikar, former og mål gjennom sortering og samanlikning.</p> |  |
| <p><b>Fagområde : Etikk, religion og filosofi</b></p>   |  |
| <p><b>Alder</b></p>   | <p><b>Mål</b></p>  |
| <p><b>1 år</b></p> <p><b>Blåklokke</b></p>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>-få kjennskap til kva som er rett og galt</li> <li>-ta til å forstå at handlingar får konsekvensar</li> <li>- lære omsorg, empati og å ta vare på kvarandre</li> <li>-vere med å markere høgtider</li> </ul>  |
| <p><b>2 år</b></p> <p><b>Prestekrage</b></p>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Skal få erfaring med konflikthandtering</li> <li>-Lære å dele</li> <li>-lære å hjelpe kvarandre</li> <li>-lære dei og gje dei erfaring med å inkludere andre</li> <li>-Skal syne respekt for alt liv i naturen</li> <li>-Skal få kjennskap til dei ulike høgtidene og tradisjonane rundt</li> <li>- Samtale og undring i lag med dei vaksne</li> </ul>   |
| <p><b>3 år</b></p> <p><b>Kvitveis</b></p>   | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Lære om og bli kjent med rett og gale</li> <li>-Lære å førehalde seg til reglar</li> <li>-få forståing for seg sjølv som individ og seg sjølv som ein del av eit fellesskap</li> <li>-Få kjennskap til høgtider og få delta i markering av desse</li> <li>- Vere med å gå Lucia på småbarn og på Fjordsyn</li> <li>-Få kjennskap til andre kulturar sine høgtider</li> <li>-Lære å syne respekt for andre</li> </ul>   |

|   |  |
|---|--|
| <p><b>4 år</b><br/><b>Solsikke</b></p>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Forstå konsekvensar av egne handlingar</li> <li>-Lære om menneskeverd og mangfaldet i samfunnet</li> <li>-Kunne vise respekt for andre</li> <li>-Få djupare innblikk i kva dei kristne høgtidene handlar om og tradisjonane kring feiringane</li> <li>-Vere med å gå Lucia på småbarn og til Fjordsyn</li> <li>-Tilbod om å vere med på kyrkjevandring før jul</li> <li>-Skal kunne filosofere og undre seg ilag med dei andre borna og dei vaksne.</li> </ul>   |
| <p><b>5 år</b><br/><b>Kløver</b></p>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Skal forstå kva som er rett og galt</li> <li>-skal ha respekt for andre og forstå at dei er rollemodellar for dei som er mindre.</li> <li>-Få kjennskap til sin kulturarv og våre kristne tradisjonar som jul , pinse og påske</li> <li>-tilbod om å delta på kyrkjevandring til jul og påske</li> <li>-Lære om våre høgtidstradisjonar</li> <li>-Vere med å gå Lucia på småbarn og til Fjordsyn</li> <li>- Få innsikt i andre religionar og livssyn</li> <li>-Lære dei å undre seg og filosofere</li> </ul> |
| <p><b>Vaksenrolla:</b><br/>                 Dei vaksne skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og bidra til forståing for andre menneskjer sitt levesett. Dei skal gje rom for undring og spørsmål, lytte og ta på borna på alvor. Vi skal syne respekt for andre kulturar, religionar og levesett og ved å vere gode rollemodellar vidareføre dette til borna. Vi må vise borna korleis dei skal vere mot kvarandre, lære dei empati og respekt for andre og respektere at andre gjer andre val enn vi sjølve. Gjennom samtale med borna skal dei vaksne bidra til at borna utviklar grunnlag for kritisk tenking og dømmekraft. Dei vaksne skal bidra til at borna får kjennskap til grunnleggjande kristne og humanistiske verdiar og at dei blir kjende med dei religionane som er representerte i barnehagen. Vi vil gje borna kjennskap til norske tradisjonar og høgtider, samt tradisjonar knytt til dei religionane som er representerte i barnehagen.</p> |  |
| <p><b>Fagområde : Nærmiljø og samfunn</b></p>   |  |
| <p><b>Alder</b></p>   | <p><b>Mål</b></p>  |
| <p><b>1 år</b><br/><b>Blåklukke</b></p>   | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Bli kjent med nærmiljøet rundt barnehagen</li> <li>-Gå turar i barnehagen først og etter kvart i Nærmiljøet som til parken ved Omsorgssenteret og Tuespretten.</li> <li>-få utforske same stad til ulike årstider</li> <li>-Vere med på Forut aksjonen</li> </ul>  |
| <p><b>2 år</b><br/><b>Prestekrage</b></p>   | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Bli kjent med nærmiljøet rundt barnehagen og etter kvart gå lengre turar som Tuespretten og parken ved Høgskulen</li> <li>- utforske same plass til alle årstider</li> <li>-Få kjennskap til seg sjølv, si familie og vener</li> <li>-Bli kjent med rutinar og reglar i barnehagen</li> </ul>  |

|  |  |
|--|--|
|  | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Oppleve å vere ein del av eit fellesskap</li> <li>-Bli kjent med andre kulturar gjennom blant anna Forut sin barneaksjon</li> <li>-Lære om korleis vi skal oppføre oss mot kvarandre</li> </ul>  |
| <p><b>3 år</b></p> <p><b>Kvitveis</b></p>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Lære om kva som er rett og gale</li> <li>-Øve seg på å førehalde seg til reglar i barnehagen</li> <li>-Få erfaring i å vere ein del av ei gruppe og samtidig vite kven er eg som individ.</li> <li>-Få kjennskap om dei norske høgtidene og tradisjonane og delta i markeringa av desse.</li> <li>- Gå Lucia til småbarn og til Fjordsyn</li> <li>-Få kjennskap til andre kulturar og deira høgtider</li> <li>- Bli kjent i Nærmiljøet og ha samarbeid med institusjonane i nærområdet slik som Fjordsyn og Omsorgssenteret, ved td å ha faste songstunder eller andre aktivitetar som Bingo ol.</li> </ul>  |
| <p><b>4 år</b></p> <p><b>Solsikke</b></p>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Skal i større grad forstå konsekvensar av eigne handlingar</li> <li>-Få djupare innblikk i kva dei kristne høgtidene handlar om.</li> <li>-Lære om menneskeverd og mangfaldet i samfunnet</li> <li>-Skal lære å syne respekt for andre</li> <li>- Gå Lucia til småbarn og til Fjordsyn</li> <li>-Få kjennskap til andre kulturar og deira høgtider</li> <li>- Bli kjent i Nærmiljøet og ha samarbeid med institusjonane i nærområdet slik som Fjordsyn og Omsorgssenteret, ved td å ha faste songstunder eller andre aktivitetar som Bingo ol.</li> <li>-Lære om minoritetane i Noreg og ha spesielt fokus på samane, samisk språk og kultur.</li> <li>-Delta på arrangement i nærmiljøet som td barnehagedagen</li> </ul>   |
| <p><b>5 år</b></p> <p><b>Kløver</b></p>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Få kjennskap til heimstaden vår Volda , lære Voldasongen</li> <li>-Få kjennskap til historia til barnehagen og kva huset har vore brukt til tildlegare</li> <li>-Lære om viktige historiske stadar i Volda som td stadar i Elvadalen og Haualeite, Garvabuda mm</li> <li>- Gå turar i nærmiljøet som til Biblioteket, skular, museum, høgskulen, Elva-dalen og elles fjell og fjøre</li> <li>-Kunne ta ansvar og vere med å rydde i nærområdet</li> <li>-Delta på arrangement i nærmiljøet som td barnehagedagen</li> <li>- Få kunnskap og kjennskap til historier frå gamle dagar og skilnad på gamle dagar og no.</li> <li>-Ha kjennskap til FN- dagen og dei ulike levekåra rundt om i verda.</li> <li>-Lære om minoritetane i Noreg og ha spesielt fokus på samane, samisk språk og kultur. Lære å teikne det norske flagget og det samiske flagget</li> <li>- Ha kjennskap til ulike familieformer og ulike levemåtar.</li> </ul> |
| <p><b>Vaksenrolla:</b></p> <p>Dei vaksne skal gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar bidra til å gjere borna kjende</p> |  |

med nærmiljøet, samfunnet og verda. Gjennom medverknad i dagleglivet leggje grunnlag for innsikt og deltaking i eit demokratisk samfunn. Dei vaksne skal leggje vekt på å styrkje borna sin kunnskap og tilknytning til nærmiljøet og sørge for at barnehagen bidreg til å vere ein aktiv aktør ved å besøkje institusjonar m.m.

Dei vaksne skal syte for at borna får kjennskap til institusjonar, natur, kunst, kultur og arbeidsliv. Borna skal få kjennskap til menneskerettane og barnekonvensjonen.

Dei vaksne skal jobbe aktivt for å fremje likestilling og for å fremje demokratiske prinsipp i dagleglivet. Jobbe for å utvikle gruppeglede og få fram at alle er viktige og verdifulle for fellesskapet. Vi skal gå føre for å motverke mobbing og rasisme. Gje borna høve til å besøkje arbeidsplassar i nærmiljøet. Vi skal gje borna kjennskap til ulike familieformer.

Dei vaksne skal leggje til rette for at borna får kjennskap til Noreg si urbefolkning og samisk kultur.

Alle prosjekt og tema vert lagt opp etter alder og gruppesamansetning dette vert nøyare omtala i periodeplanane som er å sjå på som ein del av årsplanen .

### Progresjonsplan Garderobe


| Alder | Mål  |
|-------|--|
| 1 år  | <ul style="list-style-type: none"> <li>*Kjenne igjen plassen sin</li> <li>*Skape ei god oppleving i garderoba.</li> <li>*Vite kvar sko og dress er</li> <li>*Prøve på å henge på plass og sette på plass klede og sko</li> <li>*Øve på kva dei ulike plagga heiter</li> <li>*Trene på namn på kroppsdelar</li> <li>*Prøve sjølv å kle på seg i små grupper</li> <li>*Ha tid for å prøve å ta på klede sjølv.</li> <li>*Begrepstrening og språkutvikling</li> </ul> |
| 2 år  | <ul style="list-style-type: none"> <li>Øve på å gå på toalettet</li> <li>Borna meistre å kle på og av seg.</li> <li>Glide opp glidelåsar og ta på hue.</li> <li>Gi dei rom og tid for å prøve sjølv</li> <li>Hjelpe kvarandre med av- og påkledning.</li> <li>Gode samtalar rundt påkledning og avkledning</li> <li>Begrepstrening</li> <li>Vente på tur</li> </ul>  |



|  |  |
|--|--|
| <p>3 år<br/>Kvitveis</p>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>* Gå på toalettet før ein kler på seg</li> <li>* Få kjennskap til at ulike klede høver til ulikt vær</li> <li>* Trene på å kle på og av seg sjølv</li> <li>* Vite kvar plassen sin er</li> <li>* Ta imot enkle beskjedar</li> <li>* Hjelp kvarandre, og spørje om hjelp ved behov.</li> </ul>   |
| <p>4 år<br/>Solsikke</p>   | <ul style="list-style-type: none"> <li>* Gå på toalettet før ein kler på seg</li> <li>* Val av klede etter forholda</li> <li>* Kle på seg det meste sjølv</li> <li>* Legge klede på plass, og henge opp etter seg</li> <li>* Vite kvar plassen sin er</li> <li>* Ta imot beskjedar</li> <li>* Hjelp kvarandre, og spørje om hjelp ved behov.</li> </ul>  |
| <p>5 år<br/>Kløver</p>   | <ul style="list-style-type: none"> <li>* Gå på toalettet før ein kler på seg</li> <li>* Val av klede etter forholda</li> <li>* Kle på seg sjølv</li> <li>* Prøve sjølv (Glidelås, strikk, trekke over, knappe opp og igjen)</li> <li>* Regulere klede etter vêr</li> <li>* Legge klede på plass, og henge opp etter seg</li> <li>* Halde orden på plassen sin</li> <li>* Ta imot beskjedar</li> <li>* Hjelp kvarandre, og spørje om hjelp ved behov.</li> </ul>  |
| <p><b>Vaksenrolla</b></p>  |  <p>Ved garderobesit uasjonen skal vaksne ha tid til å hjelpe, oppmuntre og lære. Viktig å ha god tid å vere tilgjengeleg. Dele i mindre grupper. Gi barna tid til å klare sjølv, og stimulere til meistringskjensle. Unngå å stresse med tid for å følgje tidskjema. Lære barna køkultur - vente på tur og på kvarandre. Setje ord på det vi gjer. Finne fram klede og legge fram på golvet (spesielt for dei yngre). Oppmuntre til initiativ. Oppmuntre barna til å prøve sjølv, og rose dei for det. Ha eit godt samarbeid med foreldregruppa. Viktig med</p> |

|  |  |
|--|--|
|  | <p>klede til alle forhold. Sjekk barna før dei går ut. Snakke om vêret, og kva klede som kan vere lurt å ha på seg etter kva vêr. Tydeleg og god kommunikasjon med barna. Sjå ulike barn sine behov. Observere og følgje opp dei ulike uttrykka og behova til alle barna. Skal vektleggje synspunkta til barna i samsvar med alder og modenskap. Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta. Lystbetont, bruk av humor. Bidra til at barna skal tileigne seg gode vanar og rutiner.</p> |
|--|--|

| Progresjonsplan FOR MÅLTID |   |
|----------------------------|---|
| Alder                      | Mål:  |
| 1 år                       | <p>Øve på å sitte rundt bordet<br/>                     Begrepstrening og skape gode samtalar<br/>                     Bli kjent med dei ulike sansane.<br/>                     Ete sjølv, drikke sjølv og ete med skei<br/>                     Få høve til å velje pålegg og mat sjølv<br/>                     Vere med å rydde etter måltid</p>  |
| 2 år                       | <p>Vaske hendene før og etter måltid.<br/>                     Smøre sjølv, ete med bestikk, hjelpe til å helle i mjølk sjølv<br/>                     Sende til kvarandre<br/>                     Lage god atmosfære og rom for gode samtalar<br/>                     Sette ord på kva dei vil ha på maten<br/>                     Begrepstrening<br/>                     Gode sanseopplevingar<br/>                     Få vere med å lage mat.<br/>                     Vere med å dekke på bord og ta av bord</p> |
| 3 ÅR                       | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Smøre på brødkiva sjølv</li> <li>-Skjenke i koppen sin sjølv</li> <li>-å be om å få tilsendt den maten dei ynskjer.</li> <li>-Bli kjent med ulike smakar</li> <li>-Sitte ved bordet under måltidet til alle er ferdig.</li> <li>-Samarbeide og borna hjelpe kvarandre</li> <li>-Innsikt i kvar maten kjem i frå</li> <li>-Vere med å lage til måltid</li> <li>- smake på nye rettar</li> </ul>  |
| 4 ÅR                       | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Vaske hendene før måltidet.</li> <li>-Vere med å tilbrede måltid.</li> <li>-Telje opp riktig antall koppar/fat/knivar.</li> <li>-Vente på tur</li> <li>-Sende til kvarandre.</li> <li>-Samtale med dei andre rundt bordet under måltidet.</li> </ul>  |

|   |   |
|---|---|
|    | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Vite kven ein skal rette spørsmål til når ein ynskjer å få -</li> <li>-sendt noko.</li> <li>-Benevne konkret det dei vil ha tilsendt (Annelin, kan du sende meg kvitosten?).</li> <li>-Sitte ved bordet under måltidet.</li> <li>-Innsikt i kvar maten kjem i frå.</li> <li>-Rydde etter seg.</li> </ul>  |
| <p>5 ÅR</p>   | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vaske hendene før måltidet.</li> <li>-Telje opp riktig antall koppar/fat/knivar.</li> <li>-Sitte ved bordet til «alle» er ferdig. Ta del i den sosiale biten etter ein sjølv er ferdig å ete.</li> <li>-Smøre på maten sin sjølv</li> <li>-Skjenke opp mjølk/ vatn sjølv.</li> <li>-Sende kvarandre</li> <li>-Be om det ein ynskjer</li> <li>- Rydde etter seg.</li> </ul> |
| <p><b>Voksenrolla:</b></p> <p>Vi skal vere rollemodellar for borna. Der vi vaksne skal sitte ved bordet saman med borna. Vere med å skape god stemning og legge til rette for sosialt samspel og gode samtaler rundt bordet. Sitte saman med borna for å få med seg situasjonar som skjer og bygge vidare på dette. Minne barna på å spør om å sende pålegg/drikke.</p> <p>Støtte barna i sjølvstendighet. Støtte handa deira til meistring. Tilby borna ulike mattyper. Snakke med barna om hygiene (bl.a. sleike på kniven, ikkje ta på meir pålegg/skive enn det du skal ha).</p> <p>Begrepstrening. Bruke samtale til læring og gjere borna medvitne.</p> <p>Legge til rette for at borna kan vere sjølvstendige, støtte dei til meistring og gje dei ansvar</p> <p>Setje fram tralle til at barna kan rydde etter seg.</p> <p>Tilby barna ulike smakar, forske. Smake eks. løk, bær i bærsesong. Salat.</p> <p>Til 1. måltid skal det stå agurk, paprika og tomat på bordet. Tilby barna grønsaker til 1. måltid. Rabbe, gulrot, blomkål, sukkererter. Frukt til 2. måltid. Eple, pære, appelsin, banan, Kiwi.</p> <p>Anerkjenne barna undervegs. Rose for meistring og måloppnåing.</p> |   |

| <b>Progresjonsplan for tema meg sjølv og kroppen min</b><br><b>Korleis snakke med borna om kropp og grenser</b>  |  |
|--|--|
| <b>Alder</b>   | <b>Mål</b>   |
| <b>Toåringen:</b>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Korleis ser vi ut utanpå.</li> <li>• Respekt for eigen og andre sin kropp</li> <li>• Kjensler (glad, trist, lei seg)</li> </ul>   |
| <b>treåringen</b>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Korleis ser vi ut utanpå</li> <li>• Dei enkelte kroppsdelane</li> <li>• Respekt for eigen og andre sin kropp</li> <li>• Kjensler (redd, sinne, lei seg/trist, glede, einsemd)</li> </ul>  |
| <b>Fireåringen</b>   | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kroppen, korleis den fungerer</li> <li>• Kjensler (redsel, sinne, lei seg/trist, glede, einsemd)</li> <li>• Empati, medkjensle</li> <li>• Ha mot til å seie i frå</li> </ul>  |
| <b>femåringen</b>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppfølging/vidareføring av tidlegare år</li> <li>• kjensler (redsel, sinne, lei seg/trist, glede, einsemd)</li> <li>• Empati medkjensle</li> <li>• Gode og vonde løyndomar</li> <li>• Gode og vonde berøringar</li> <li>• Korleis blir vi til</li> </ul>  |
| <p>- Tema går igjen oppover i alderstrinna og så byggjer vi på med litt meir informasjon kvart år. Dei tøffaste og vanskelegaste emna er lagt til det siste året i barnehagen. Planen blir tilpassa barnegruppa.</p> |  |
| <b>Vaksenrolla:</b>  | <p>Personalet skal jobbe med haldningsskapane arbeid, både hjå personalet og hjå borna. Dei skal vere tydelege på tema som grensesetting, eigarskap til eigen kropp og at borna veit kvar grensene går. Slik at dei blir best mulig rusta til å seie ifrå og for at borna skal utvikle eit medvite tilhøve til retten til å bestemme over eigen kropp og det å ha respekt for andre sine grenser.</p> <p>Personalet skal leggje til rette for at borna får kjennskap til</p> |

|  |  |
|--|--|
|  | <p>bøker om kroppen vår, korleis vi blir til og korleis vi utviklar oss.<br/>Personalet skal leggje til rette for at borna skal bli trygge på eigen kropp, at borna får ei positiv sjølvoppfatning og blir kjende med egne kjensler.</p> |
|--|--|